



Fylkesmannen i Hordaland

RAGN SELLS AS AVD BERGEN
Postboks 453
1471 Lørenskog

Bergen, 1. november 2018

Sendt på e-post til: kundesenter@ragnsells.no og trond.leganger@ragnsells.no

Dykkar ref.:
Trond Leganger

Vår ref.(oppgi ved svar):
2015/3985
Sakshandsamar:
Nina Vadøy

Rapport etter inspeksjon ved Ragn-Sells AS Rådalen - Mottak og mellomlager av farleg avfall

Kontrollnummer: 2018.126.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Trond Leganger, Jarle Hamre og Einar
Skau

Frå Fylkesmannen i Hordaland:

Nina Vadøy og Astrid Holte

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Ragn-Sells AS Rådalen - Mottak og mellomlager av farleg avfall den 9.oktober 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 3 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- farleg avfall
- løyvet
- internkontroll

Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 1 og 3. Dei er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Nina Vadøy
overingeniør

Kopi til: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: RAGN SELLS AS AVD BERGEN	
Organisasjonsnr.: 974737604	Eigd av: 952187627
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: Ragn-Sells AS Rådalen - Mottak og mellomlager av farleg avfall	Anleggsnr.: 1201.0367.02
Kommune: Bergen	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall - mottak og mellomlagring	
Løyve gitt: 12.09.2017	Sist endra: 16.11.2017

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Handtering og lagring av farleg avfall
- Lagring av EE-avfall og kasserte køyretøy

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Ragn-Sells AS avd. Bergen pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Ragn-Sells AS avd. Bergen innan 31. desember 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Avvik 1 og 3 er i stor grad dei same avvika som vart gitt under førre tilsyn 9. april 2018. Det er gjentakande avvik og kort tid sidan førre tilsyn. Manglar ved handtering av store mengder farleg avfall aukar risiko for ulykker og forureining. Fylkesmannen ser derfor alvorleg på desse avvika, og gjennomføring av tiltak vil bli følgt opp ved nytt tilsyn.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Nina Vadøy.

4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Fylkesmannen varslar at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73, dersom vi ikkje har motteke ei skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan 31. desember 2018. Tvangsmulka vil kome på dersom vi ikkje har motteke stadfesting på at avvik er retta innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 50 000,-.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Hordaland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 9. oktober 2018. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventanta ressursbruk må Ragn-Sells AS avd. Bergen betale eit gebyr på 22 800 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1:

Handtering av farleg avfall er ikkje i samsvar med krav

Avvik frå:

Avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 1 a) b) c) e) om lagring av farleg avfall
Avfallsforskrifta

- § 11-5 Forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall
- § 11-12 Verksemdas deklarasjonsplikt
- § 11-13 Plikter for den som handterer farleg avfall

Løyvet

- punkt 3.2 Mottakskontroll
- punkt 3.5 Krav til tak og vegger for nokre avfallstypar

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7 om risikovurdering og rutinar

Kommentar til regelverket:

Lagring av farleg avfall

- Farleg avfall skal lagrast slik at faren for forureining blir avgrensa i størst mogleg grad.
- Lagra farleg avfall skal ha tilstrekkeleg tilsyn.
- Ei kvar lagring av farleg avfall skal vere basert på ei vurdering av miljørisiko forbundet med lagringa.
- Farleg avfall skal som eit minimum lagrast/gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind.
- Forsvarleg oppbevaring av farleg avfall inneber orden og oversikt over avfallet ved ryddig og skild plassering, tydeleg merking mv. Emballasjen skal merkast tydeleg med deklarasjonsskjemaets løpenummer.

Mottak av farleg avfall

- Verksemda har løyve til mottak og lagring av farleg avfall.
- Den som handterer farleg avfall, er ansvarleg for å sjå til at avfallet som blir tatt imot frå verksemdar, er deklartert slik at den vidare handteringa kan skje på ein forsvarleg måte.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Lagring av farleg avfall

Innandørs lager for farleg avfall var uoversiktleg og ikkje forsvarleg:

- Ulike typar farleg avfall var ikkje lagra separat med orden og oversikt.
- Det var ikkje gjort ein systematisk gjennomgang av kva avfallstypar som skal lagrast med god avstand for å unngå samanblanding eller kontakt som kan gi fare for brann/eksplosjon og/eller danning av farlege stoff. Til dømes:

- cyanid var lagra utan å vere tydeleg skild frå anna farleg avfall, og syrer var lagra 1 meter frå
- det var samlagring av syrer og baser
- Fleire lighterarar låg lagra tett opp til syrer, basar og anna farleg avfall
- Gjennomgåande manglande merking av farleg avfall med deklarasjonsnummerets løpenummer på emballasje/eining. Mellom anna var farleg avfall frå Havforskningsinstituttet, Universitetet i Bergen, Haukeland sjukehus, ubetent gjenbruksstasjon i Øygarden kommune og fleire andre ikkje merka med deklarasjonsnummerets løpenummer.
- Det var mykje søl av olje og dammar inne i hall. Det vart opplyst at det var hol i teltet som gjorde at regnvatn kom inn.
- Farleg avfall som var klart for vidarelevering og farleg avfall som ikkje var klart for vidarelevering stod lagra saman.
- Det stod lagra eit rustent fat med drivstoffblanding (7023) som hadde vore lagra over 1 år. Fatet var ikkje mogleg å opne.
- Det var ikkje gangar mellom IBC-konteinarar og fat, og anna farleg avfall slik at det var lett å komme til avfallet ved eventuell lekkasje
- Diverse farleg avfall stod lagra utandørs utan tak og skjerming for vær og vind. Til dømes:
 - fleire opne IBC-konteinarar med maling
 - vindauge med innhald av PCB og klorparafin
 - open IBC med golvbelegg. IBC-konteinaren var fylt med regnvatn
 - overfylte bingar med tjæreholdig avfall og golvbelegg
 - trykkimpregnert og kreosotholdig trevirke

Mottak av farleg avfall

- Verksemda har deklarerert inn leveransar på 7022 og 7021, men ikkje tatt imot det farlege avfallet på anlegget. Deklareringa var feil sidan verksemda berre var transportør for desse leveransane.
- Mottakskontrollen var på etterskot. Det var tatt imot mykje farleg avfall utan at det var sjekka at avfallet var i samsvar med deklarasjon, om det kan samlagrast og om emballasjen er tett og av god kvalitet.
- Verksemda førte ikkje avvik ved manglande merking av farleg avfall med deklarasjonsnummerets løpenummer.

Avvik 2:

Verksemda driv ikkje i samsvar med alle krav i løyvet

Avvik frå:

Løyvet

- punkt 1 Rammevilkår
- punkt 1.1 Avfallstypar, aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider
- punkt 3.5 Krav til tak og vegger for nokre avfallstypar

Kommentar til regelverket:*Lokalisering av mottak for farleg avfall*

Figur 1 under punkt 1 i løyvet viser kart over lokaliteten til verksemda der mottak for farleg avfall er lokalisert mellom produksjonshall og verkstad.

Smittefarleg avfall

Løyvet omfattar ikkje mottak og lagring av smittefarleg avfall. Smittefarleg avfall er regulert i «forskrift om smittefarlig avfall fra helsetjeneste og dyrehelsetjeneste mv.» Mottak og lagring av smittefarleg avfall krev løyve etter forureiningslova § 11.

Behandling av farleg avfall

Løyvet omfattar mottak og lagring av farleg avfall, men ikkje behandling.

EE-avfall

EE-avfall skal som eit minimum lagrast/gå føre seg under tak og skjerma for vår og vind.

Utslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering er ikkje tillate. Eventuell avrenning skal samlast opp, handterast og klassifiserast før levering til lovleg avfallsanlegg.

Kasserte køyretøy

Kasserte køyretøy skal alltid behandlast, handterast, inkludert lagrast, innandørs (bygning med fire vegger og tak) eller lukka konteinarar.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:*Lokalisering av mottak for farleg avfall*

Verksemda har etablert mottak og mellomlager for farleg avfall i bilsaneringshallen og ikkje i bygg mellom verkstad og produksjonshall i samsvar med kart i løyvet.

Smittefarleg avfall

Verksemda har tatt imot og lagra 3 tonn smittefarleg avfall i om lag 2 månader. Det vart opplyst at det smittefarlege avfallet skulle leverast snarast og at det ikkje var planlagt å ta imot smittefarleg avfall vidare.

Behandling av farleg avfall

Brannslukkingsapparat er klassifisert som farleg avfall. Verksemda tømmer brannslukkingsapparat og borer hol i botnen for å sleppe ut gassen. Det vart opplyst at innhaldet skulle leverast som forureina massar og at det tomme brannslukkingsapparatet vart levert som metall. Miljødirektoratet har opplyst at dette er behandling av farleg avfall som krev løyve frå Miljødirektoratet etter forureiningslova § 11.

EE-avfall

Det var lagra eitt bur med EE-avfall utandørs. I tillegg var det lagra opne konteinrarar med EE-avfall utandørs.

I hallen der EE-avfall vart miljøsanert var det sluk i golv som gjekk til avløp. Det var ikkje barriere for å hindre at eventuell avrenning går til avløp. Lause batteri låg direkte på golvet.

Kasserte køyretøy

Verksemda lagra fleire bilvrak utandørs.

Avvik 3:

Internkontrollen for ytre miljø har manglar

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

Kommentar til regelverket:

Risikovurdering

Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Avvikshandtering og rutinar

Verksemda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Risikovurdering

Under tilsynet vart det observert fleire forhold ved handtering og lagring av farleg avfall som var uforsvarleg og som må risikovurderast og følgast opp med tiltak. Dette gjeld til dømes:

- mottakskontroll for farleg avfall
- lagring av ulike typar farleg avfall som ikkje kan samlagrast med mogleg avrenning til felles oppsamlingstank
- omlasting av spillolje 7011 til IBC-konteinrarar med mogleg avrenning til felles oppsamlingstank
- behandling av brannsløkkingsapparat
- lagring av bilvrak utandørs
- bemanningsbehov

Lista er ikkje uttømmmande.

Verksemda vart bedt om å ettersende risikovurdering for ytre miljø til Fylkesmannen for vurdering. Fylkesmannen har ikkje mottatt dette.

Avviksregistrering og rutinar

Det vart opplyst og observert under tilsynet at fleire verksemder ikkje merka det farlege avfallet med deklarasjonsnummerets løpenummer og nokre mangla også merking av innhald. Verksemda førte ikkje avvik ved manglande merking av farleg avfall.

Rutinen for mottakskontroll er ikkje god nok for å sjekke at mottatt avfall er merka med avfallets innhald og deklarasjonsskjemaets løpenummer.

8. Merknader

Vi ga ingen merknader under inspeksjonen.

9. Andre tilhøve

Klage på støv

Fylkesmannen sendte brev 7. juni 2018 og bad om kommentar til klage datert 9. mai 2018 på støv frå handtering av trevirke. Vi har ikkje mottatt kommentar på klagen og ber om at det blir sendt oss så snart som mogleg saman med opplysningar om eventuelle tiltak som er sett i verk for å rydde opp i tilhøva.

10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

11. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)